

## Notat

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

**Frå:** Fylkesdirektøren

### Kartlegging av utbyggingsplaner ved kulturinstitusjonane

#### 1. Bakgrunn:

Innan hovudutvalet sitt område vert det arbeid med dei to investeringsprosjekt «Kløften» - museumsbygg for Sunnfjord Museum og magasinbygg for alle musea i fylket, og formidlingsbygg på Tusenårsstaden Gulatinget. «Kløften» har vore gjennom eit forprosjekt, og det er søkt staten om investeringstilskot. For formidlingsbygget på Tusenårsstaden Gulatinget vert det no gjennomført eit forprosjekt med mål om å søkje statleg medfinansiering innan 1.mars 2019.

Gjennom løpande dialog med kulturinstitusjonane er fylkesdirektøren kjen med at det vert arbeid med ulike større prosjekt. Dette var bakgrunnen for at hovudutvalet i HNK-sak 20/18 ba fylkesdirektøren gjennomføre ei enkel kartlegging av utbyggingsplaner ved kulturinstitusjonane i fylket. Finansutvalet ga grønt lys for dette i sitt møte 2.mai.

Det vart 13.06.2018 sendt ut eit skriv til følgjande institusjonar/eigarar.

- Musea i Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane teater
- Fylkesarkivet
- Singerheimen
- Jølster kommune

Fylkesdirektøren ba om at dei som hadde planer kom med tilbakemelding innan 1.september med vekt på følgjande:

- Kortfatta presentasjon av prosjekt/tiltak
- Kva behov skal prosjektet/tiltaket bidra til å løyse
- Førebels kostnad/finansiering av prosjektet/tiltaket
- Kva konsekvensar vil realisering av prosjektet/tiltaket ha for drifta av institusjonen
- Kva tidsplan er lagt for realiseringa av prosjektet/tiltaket
- Kva forventningar har institusjonen til fylkeskommunal medverknad

Vi ba om prioritert rekkjefølgje dersom det vart spelt inn meir enn eitt prosjekt.

#### 2. Innspel:

Det ligg no føre svar frå Musea i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane teater og Fylkesarkivet. Fylkesdirektøren vil i det vidare gi ei kort oppsummering av innspela.

#### A. Musea i Sogn og Fjordane (jf vedlegg a):

Dei listar opp fire tiltak som dei jobbar med:

- a) Fellesmagasin (tidlegare Ramstad eskefabrikk), Førde  
 Her er målet å bygge eit komplett magasin for alle avdelingane i Musea i Sogn og Fjordane (MiSF). Det reduserte «Kløften»-prosjektet vil berre delvis dekke dei behov avdelingane i MiSF har på magasinsida.

- b) Vernebygg for Holvikejekta, Sandane  
Holvikejekta er det første og største objektet i samlingane til Nordfjord Folkemuseum. Det er behov for eit nytt vernebygg for å sikre jekta, og for å kunne drive meir aktiv og målretta formidling.
- c) Utvikling av Kvernsteinsparken, Hyllestad  
Norsk Kvernsteinsenter og MiSF har utarbeidd planer for å utvikle Kvernsteinsparken gjennom å oppgradere eksisterande bygg og turløyper, og bygge eit besøksenter og formidlingsbygg i tilknytning til parken.
- d) Sunnfjord Museum, oppgradering av administrasjonsbygg i Movika, Førde  
Behova ved Sunnfjord Museum er samansette, og omfattar kontor-/arbeidstilhøve for tilsette, innandørs utstillings- og formidlingsareal, magasin og trafikale utfordringar. Alt dette er tenkt løyst gjennom realisering av «Kløften». Tilsynssak frå Arbeidstilsynet gjer at dersom realiseringa av «Kløften» trekkjer ut, vil det måtte vurderast strakstiltak knytt til dagens administrasjons- og utstillingsbygg. Vert «Kløften» realisert raskt, vil dette tiltaket falle bort.

Musea i Sogn og Fjordane har oppsummert sine innspel slik:

Prosjekt	Samla investeringsbehov (mill. kr)	Forventa finansielt bidrag frå SSKF (mill. kr)
Fellesmagasin	35,0	10,0
Vernebygg for Holvikejekta	30,0	10,0
Utvikling av Kvernsteinsparken	25,0	5,0
Administrasjonsbygg Sunnfjord Museum	5,0	2,5
<b>SUM</b>	<b>95,0</b>	<b>27,5</b>

### B. Sogn og Fjordane teater (jf vedlegg b):

Etter over 20 år i dagens lokaler i Førdehuset, melder Sogn og Fjordane teater behov for utvida og meir funksjonelt areal for å ivareta sine oppgåver. På denne bakgrunn har styret for teateret takka ja til å delta i prosessen med å etablere eit "Nynorskhus" i Førde. Dette på bakgrunn av førebelse drøftingar med eigarane (Førde kommune og fylkeskommunen) gjennom ein periode på omlag eitt år. Nynorskhuset i Førde er tenkt som eit medie- og kulturhus med NRK Sogn og Fjordane, NRK Nynorsk mediesenter, Firda, Nynorsk Avissenter og Sogn og Fjordane teater som dei store leigetakarane. I tillegg har nokre mindre bedrifter meldt si interesse.

Dersom Nynorskhuset vert realisert vil dette framstå som ei av dei største nynorsk-klyngene i landet med over 100 arbeidsplassar innan nynorsk språk og kultur. Ei slik satsing vil bli eit løft for det nynorske språket og ei innovativ kraft for aktørane. Dette vil gi Sogn og Fjordane teater betre arbeidstilhøve, og også legge betre til rette for at dei kan realisere visjonen sin som turneteater i heile den nye Vestland fylkeskommune.

Ei mogleg flytting frå Førdehuset til Nynorskhuset vil medføre auke i husleigekostnader. Dette vil truleg uansett komme om teateret vert verande i Førdehuset, då dei treng auka areal også der. Auka turneaktivitet vil også medføre auke i tilskotet til teateret. Ev innflytting vil skje i 2022/23.

Eigarane, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er bedt om å avklare si haldning til teateret sitt ønske om å bli ein del av Nynorskhuset. Denne avklaringa på skje i løpet av hausten 2018. Det vil truleg bli fremja ei eiga sak om dette.

### C. Fylkesarkivet (jf vedlegg c):

Fylkesarkivet er arkivdepot for kommunane og fylkeskommunen. I tillegg til dei offentlege arkiva, er Fylkesarkivet også depot for fotoarkiv, musikkarkiv, privatarkiv og stadnamn frå fylket. Depottenesta sikrar kommunane og fylkeskommunen sine juridiske og forvaltningsmessige behov og samstundes at dokumentasjonen i Sogn og Fjordane vert handtert einskapleg og er representativ for regionen.

Førre byggesteg vart realisert i 2005/2006. Omfanget av avslutta arkiv er vorten monaleg større sidan arkivdepotet vart etablert. Overgangen til elektroniske informasjonsberar gjer at det er store mengder arkiv som no skal deponerast, og kommune- og regionreforma gjer også at det hastar å få på plass ei løysing som sikrar at vi kan møte kommunane og fylkeskommunen sine behov.

Ev sak om utviding av depotkapasiteten vert fremja som eiga sak når behovet og ev forslag til løysing er nærare drøfta med kommunane og i internt i fylkeskommunen.

### **3. Oppsummering**

Gjennom denne enkle kart legginga har fylkesdirektøren fått fram ein oversikt over byggplaner som på gitte tidspunkt framover vil kunne utfordre fylkeskommunen både på investerings- og driftssida. Vi vil kunne møte att desse sakene som eigar og som økonomisk bidragsytar. Som aktiv samfunnsutviklar og kulturstyresmakt har fylkeskommunen ei sentral rolle i å utvikle kunst- og kulturlivet i Sogn og Fjordane.

Ingen av dei prosjekta som er omtalte i innspela er vedtekne. Dei vil heller ikkje påverke budsjett 2019 ut frå den kjennskap vi har til prosjekta i dag. Fylkeskommunal medverknad må takast stilling til i eigne saker når prosjekta ev er klare for realisering/finansiering.